



Arkivnr: 2015/8463-4

Saksbehandlar: Bente Utne

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		17.10.2018
Fylkesutvalet		25.10.2018

## Namn på fylkesvegbruer i Austrheim kommune

### Samandrag

I samsvar med lov om stadnamn har fylkeskommunen vedtaksmynde om skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg mv. Fylkesutvalet har fått delegert fullmakt til å gjera vedtak om skrivemåten på fylkeskommunale vegar, anlegg og liknande.

Saka gjeld namn på ni fylkesvegbruer i Austrheim kommune. Fem av desse har tidlegare ikkje namnevedtak, medan fire har eit namn som endar på –straumen eller –sundet.

Austrheim kommune har gjennomført namnesak og gjort vedtak på ulike kommunale, fylkeskommunale bruer. Det står att for fylkesutvalet å gjera formelt namneval.

Fylkesrådmannen foreslår at ein tek det lokale ønsket til følge, utan genitiv-s på dei to aktuelle bruene.

**Økonomi:** Eventuell skilting av bruene vil dekkast av fylkesvegrekneskapen.

**Klima:** Ingen effekt.

**Folkehelse:** Ingen effekt.

**Regional planstrategi:** Ingen effekt.

### Forslag til innstilling

- Fylkesutvalet vedtek følgjande namn på fylkesvegbruer i Austrheim:

Fv 565	Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	Bakkøybrua
Fv 565	Bru over Kilstraumen	Kilstraumbua
Fv 568	Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	Ulvøybrua
Fv 568	Bru over Bukkholmstraumen	Bukkholmestraumbua
Fv 568	Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	Lauvøybrua
Fv 424	Brua over Sævrøysundet	Sævrøybrua
Fv 421	Brua over til Lerøyna	Lerøybrua

2. Fylkesutvalet vedtek følgjande namn på fylkesvegbruer i Austrheim

Fv 418	Brua i Synnevågen	Synnevågbrua
Fv 568	Brukaret over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	Kovesundbrua

3. Bruene over 100 meter får skilt.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 17.09.2018

### Bakgrunn

Austrheim kommune har gjennomført eit arbeid med namn på bruene i kommunen, og ber i brev av 03.08.18 (vedlegg 1) Hordaland fylkeskommune om å gjera vedtak på fylkesvegbruene.

Nokre bruer er kommunale eller private, men denne saka gjeld ni fylkesvegbruer som. Kommunen skriv i innleiing til høyringsframlegg (vedlegg 2):

*«Austrheim kommune som har bruer i kommunevåpen og straumar under bruene i logo, er programforplikta til å setja namn på bruene sine. Bruene i Austrheim, utanom Fosnstraumbua, har aldri fått oppsett namneskilt. Når det gjeld Fosnstraumbua som har slikt skilt, er den bua registrert i Radøy kommune i følgje Kartverket. Det godkjente namnet i Sentralt stadnamnregister er Fosnstraumen. For dei andre bruene er det gjort vedtak på fire av namna. Desse namna er registrerte i Sentralt stadnamnregister, ingen av dei har endinga -bua i det godkjente namnet. Dei fire godkjente namna er:*

1. Bakkastraumen
2. Kilstraumen
3. Lauvøystraumen
4. Sævrøysundet

### Vedtaksmynde

Ifølge lov om stadnamn av 18.05.1990 § 5, 2. ledd, er det fylkeskommunen som gjer vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg mv. I delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune har fylkesutvalet fått delegert fullmakt til å gjera vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg og liknande.

### Uttalerett

I lov om stadnamn § 6, 1. ledd heiter det mellom anna:

*«Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. ---*

*Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten».*

Ifølge «kommentarar til lovteksten» til § 6: *«Andre ledd fastset at når vedtaket skal gjerast av andre enn kommunen, skal vedtaksorganet sende saka til vedkommande kommune, som skal syte for at ho blir kunngjord for dei som har rett til å uttale seg».* Namnekonsulentane er Stadnamntenesta på Vestlandet.

### Arbeid utført av Austrheim kommune (brev frå Austrheim kommune av 03.08.2018)

Saka har vore handsama etter namnelova. Stadnamntenesta har gitt uttale, saka har vore lagt ut til offentleg høyring. Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune har fått tilsendt høyringsframlegget.

Austrheim kommunestyre gjorde i K-sak 89/16 vedtak i saka. Ni av dei namna kommunestyret gjorde vedtak om, skal fastsetjast av fylkeskommunen v/fylkesutvalet. Vedtaket Austrheim kommunestyre 89/16 følgjer som vedlegg 3. Her gjer kommunen i brevet av 03.08.18 merksam på at det er feil på bru 7, som er kommunal. Derimot er bru 8 fylkeskommunal. Dette er korrigert i denne saka.

Ut frå dette gjeld saka er det følgjande ni fylkeskommunale bruer:

Fylkesveg	Stad	Austrheim kommunestyre sitt framlegg ti namn	Alterantiv tilråding frå Stadnamntenesta	Nr i AK sak
Fv 565	Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	Bakkøybrua		1
Fv 565	Bru over Kilstraumen	Kilstraumbua		2
Fv 568	Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	Ulvøybrua		3
Fv 568	Bru over Bukkholmstraumen	Bukkholmestraumbua		4
Fv 568	Bruket over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	Kovesundbrua	Kovesundsbrua	5
Fv 568	Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	Lauvøybrua		6
Fv 424	Brua over Sævrøysundet	Sævrøybrua		8
Fv 421	Brua over til Lerøyna	Lerøybrua		9
Fv 418	Brua i Synnevågen	Synnevågbrua	Synnevågsbrua	10

Det er semje om første del av namnet, og at endinga er –brua. Derimot er det ei lita usemje mellom Austrheim kommune og Språkrådet ved Stadnamntenesta på Vestlandet (vedlegg 4). Saka gjeld genitiv-s i to av brunamna. Stadnamnkonsulentane viser til andre eksempel om genitiv-s og viser til ein normeringsregel som seier at ein i samansette namn bør bruka «den samansetjingsmåten som samsvarer med dialektuttalen av namnet».

I følgje Austrheim kommune er dialekten ikkje konsekvent, og ofte utan genitiv-s. Såleis har kommunen gjort vedtak utan denne genitiv-s-en.

#### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen er positiv til at det vert gjort formelle namnevedtak på fylkeskommunale bygg, anlegg mv.

I namnesaker vil fylkesrådmannen som regel leggja til grunn det lokale ønsket om namn til grunn, slik ein gjer i denne saka.

Når det gjeld genitiv-s i to av bruene har fylkesrådmannen ikkje sterk meining. Så lenge det ligg innafor rettskriving kan ein ta omsyn til kommunen sitt ønskje.